

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Dato: 02.03.2017
Vår ref.: 2014/12291-5
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Årsrapport fylkesvegar 2016 – tilbakemelding til Statens vegvesen

Bakgrunn

Vi viser til årsrapport med vedlegg og excelfil med detaljar, sendt på e-post til oss den 22. februar 2017. Utgangspunktet for rapporteringa er rammeavtalen og leveranseavtalen mellom HFK og SVV. Til grunn for leveranseavtalen ligg vedtak i fylkestinget; årsbudsjett, plan og byggeprogram og budsjettendringar gjennom året.

Vi har også mottatt tertialrapport 1/16 og 2/16, i tillegg til årsrapporten. Samferdselsavdelinga konstaterer at rapportane har vorte betre med tida. Rapportane skal tena både økonomiavdelinga og samferdselsavdelinga sine behov, og det er ikkje enkelt å gjera dette på ein oversiktleg og kortfatta måte.

Der budsjettseksjonen har behov for forklaring av avvik innafor året, er samferdselsavdelinga sine behov totalkostnaden og vesentlege avvik i tid eller kvalitet.

Rammeavtale og leveranseavtale

I leveranseavtalen for 2016 legg HFK og SVV opp til at års- og tertialrapportar vert utarbeidd i slik som før. Rammeavtalen seier følgjande om rapportering:

9.1 Tertial- og årsrapportering

Tertial- og årsrapportering er rapportering med utgangspunkti gjeldande Leveranseavtale mellom HFK og SVV. Statens vegvesen skal som eit minimum rapportere på gjennomførte tiltak innanfor følgjande område:

- *Strekningvisse investeringar*
- *Store prosjekt*
- *Bompengepakkar*
- *Rassikringsprosjekt*
- *Programområde*
- *Standardhevingstiltak inklusivpunktvisse utbetringar*
- *Drift og vedlikehald*

SW skal kvart tertial rapportere:

- *Opphavleg budsjett (vedteke i desember året før), samt budsjettendringar gjennom året.*

- *Status (forbruk hittil i år og resultatoppgåing)*
- *Prognose på forbruk for året*
- *Avvik frå budsjett*
 - *Forklaringar*
 - *Vurderingar*
 - *Forslag til prioriteringar og tiltak for vidare framdrift, med omtale av konsekvensar.*

Prosjekt som går over fleire år, skal også innehalde forbruk frå tidligare år (akkumulert forbruk).

Hordaland fylkeskommune skal gje tilbakemelding på tertialrapporteringa, med nødvendige avklaringar om oppfølging. Siste tertialrapportskal i tillegg ha funksjon som årsrapport, med oppsummering av rapportering for heile året.

9.2 Oppfølging av rapportering

Det skal arrangerast periodiske oppfølgingsmøte mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest. Det kan kallast inn til eit spesielt møte for oppfølging, eller fylkesvegrådet kan fungere som slikt møte. Tertialrapporten skal følgjast opp i første møte etter politisk handsaming av rapporten.

Begge partar har rett til å be om ekstra møte der dette vert sett som naudsynt. Hordaland fylkeskommune skal varslest dersom:

- *Ein eller fleire av leveransane som går fram av denne avtalen ikkje kan leverast*
- *SVV gjennom budsjettåret oppdagar forhold ved leveranseavtalen som gjev ikkje ønska effekt med omsyn til optimal ressursbruk*

9.3 Sluttrapportar

SVV skal sende økonomiske sluttrapportar på prosjekt med totalbudsjett over 10 million kroner og eiga linje i budsjettet, så snart desse ligg føre.

Vurderingar ift. rapporteringskrava

Jamt over leverer SVV bra på dei første punkta. Når det gjeld avvik og forklaringar av desse, har vi tidlegare etterlyst eit større fokus på dei store avvika og tilsvarande mindre fokus på dei mindre avvika (som eit utgangspunkt kan vera 1 mill kr).

Forklaringar på avvik

SVV gir forklaringar på avvik. Det kan vera ulike avvik;

- Differansen mellom årets prognose og til disposisjon (justert budsjett - tertialrapportar)
- Differansen mellom til disposisjon (justert budsjett) og rekneskap/årets forbruk (årsrapport)
- Differansen mellom årets prognose og rekneskap/årets forbruk (årsrapport)

Mindre tidsjusteringar er normalt ikkje interessante for samferdselsavdelinga. Når det gjeld større avvik ønskjer vi sjølvstøtt informasjon om forseinkinga.

Likevel er vi mest oppteken av totalkostnaden og om denne er innafor ramma. Dette krev sjølvstøtt ein god prognose for restkostandene. HFK ønskjer omtale av SVV sine vurderingar og forslag til prioriteringar og

tiltak for vidare framdrift, med omtale av konsekvensar når det er avvik / stort mindreforbruk. Vi legg til grunn at når det er større avvik lagar SVV ein ny totalprognose/totalramme for prosjektet. Denne er vi interessert i.

Dette er sentralt om vi skal ha ein reell mogelegheit for å kunna styra prosjekta.

Samla tal for prosjekt som går over fleire år

Krav: Prosjekt som går over fleire år, skal også innehalde forbruk frå tidligare år (akkumulert forbruk).

Dei fleste større investeringsprosjekt strekkjer seg over minst to år. Vi har tidlegare, ved ulike høve, gitt tilbakemelding at vi ønskjer akkumulerte tal for slike prosjekt. Det står også i rammeavtalen at vi skal få forbruk frå tidlegare år (akkumulert forbruk) ved prosjekt som går over fleire år.

Vi fekk eit år ei opplisting av tidlegare kostnader på prosjekta som då hadde gått over fleire år. Seinare ???

Dette er sjølvsagt ikkje godt nok:

Det vi treng er

Tidlegare forbruk pr år pr 1.1.

+ Årets forbruk

= forbruk pr 31.12.

+ Restprognose (mest mogeleg presis)

= Totalprognose

Dette beløpet skal sjåast mot total ramme (opprinneleg + budsjettjusteringar pr år).

Evt prisjustering

Forklaring på større avvik: små avvik krev ingen forklaring. Inntil 10 mill og samtidig inntil 10% krev noko forklaring. Større avvik krev grundig forklaring og evt tiltak.

Forklaringar av SVV i årsrapport for 2016

Desse er tildels vanskeleg å forstå, tildels bagatellmessige.

Vi er interessert i kostnadsavvik, og ikkje finansieringsavvik!!!

Vurdering krav i inngåtte avtalar i forhold til rapportering

Sluttrapportar: Pr 2016 har vi ikkje fått noko, men no i 2017 har vi omsider fått ein prosess på dette.

Tertialrapportar: Desse er primært for økonomiavdelinga. Vi treng fokus på prosjekt som synest å «sprekka» så lenge det ikkje er mindre vesentleg.

Årsrapport: Vi ønsker ein mykje meir oversiktleg og konsis forklaring av avvik.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.